

Leder

Viktig at
ONS lykkes

ONS kan bidra til å holde oppe vår troverdighet og tyngde innen energi.

I dag åpner ONS, oljemessen i Stavanger. Det meldes om mer nøkterne utstillere, og lavere champagnefaktor, men interessen er fremdeles stor og utstillerne mange.

Det er viktig for oss alle. Vi skal ennå i mange år utvinne olje, vi skal gjennom et grønt skifte, og vår region må komme seg gjennom vanskelige tider for næringslivet med troverdighet, kompetanse og gode forretningspartnere i behold.

Helt siden starten i 1974 har det politiske fått være med å prege oljemessen, den gang først og fremst samlet i et sideprogram, «Alternativ oljedebatt», initiert av avdøde Helge Ole Bergesen. I år vil 60 prosent av foredragene handle om fornybar og renere energi. I rekordåret 2014, krevde dette området 1050 kvadratmeter, i år er det på 1600. Her finner vi også teknologi for mer

At dette blir mer enn snakk, legger i det minste ONS til rette for

energi på den andre siden. «Det gjelder å ha to tanker i hodet samtidig», konstaterer Sevland. ONS skal ha ros for å legge til rette for praktisk utveksling av kunnskap. Det gjelder både å se etter muligheter til å bruke erkjent kunnskap på nye felt, slik for eksempel Siri M. Kalvig nettopp beskrev hvordan petroleumsingeniører kan bidra med når det gjelder vindkraft til havs. Og det gjelder å dele kompetansen om hvordan man mest mulig effektivt og «rent» kan utvinne den oljen vi ennå har bestemt vi skal utvinne.

At dette blir mer enn snakk, legger i det minste ONS til rette for. Bransjen har også dårlig med alternativ til det, skal de ha troverdighet i årene fremover. Så får også vi andre ha to tanker i hodet samtidig: Selv om oljebransjen inviterer inn fornybar energi i sine egne messer, selv om de ser etter muligheter for å kunne stå på to bein fremover uten å gå helt i spagaten, er det likevel først og fremst et politisk ansvar å sørge for et nødvendig, grønt skifte i Norge.

Det er politikerne som skal ta grep, legge rammer og stille krav, slik at vi gjennomfører det vi har forpliktet oss på i Parisavtalen.

Da holder det ikke å vise til hvor langt bransjen selv har kommet. Om nå noen skulle falle for fristelsen til det, i en festtale de nærmeste dagene.

effektiv utvinning av olje og gass. ONS-sjef Leif Johan Sevland viser til samfunnsansvaret. De ønsker å bringe sammen to verdener, og legge praktisk til rette for gode koblinger mellom olje og gass på den ene siden, og fornybar



PITTER

En restaurant i Stavanger tilbyr kakestykker med fordampnet melk. Der gråter man ikke over spilt melk.

Gjesterkommentar

Ein stat utan kraft

Om Statkraft skal satse utanlands, er det best om staten held seg unna.



Klaus Mohn
Professor ved
Handelshøgskolen
ved UiS og NHH

Med forslaget om delprivatisering av Statkraft byr Høyre opp til tranedans rundt eit av dei siste heileigde statsselskapa i Noreg. Kapital frå private investorar skal styrke grunnlaget for den internasjonale satsinga i Statkraft, heiter det frå initiativtakarane. Arbeiderpartiet kontrar med at Høyre no set arvesølvet i spel, og at privat kapital slett ikkje er naudsynt for å realisere Statkraft sine planar om internasjonal vekst.

Ein draum av ein debatt

For politikarane kan dette bli debatten dei drøyer om. Det står om nasjonal kontroll over naturressursar, energiomlegging og grønt skifte, statleg versus privat eigarskap, inhabilitet og kjønnsbalanse i styromma. Her har ingen tenkt å gi seg utan sverdslag. Leiinga i selskapet kan kanskje sjå ut som sporven i tranedansen. Men her skal ein være på vakt, for den som ler sist, ler ofte best.

Statkraft blei etablert på tampen av 1800-talet, då staten engasjerte seg for alvor i utviklinga av norsk vasskraft, og er sidan utvikla til ein kraftgigant av for-

Korfor er det ingen som spør seg om internasjonal forretningsutvikling i det heile tatt er ei oppgåve for det offentlege?

mat, i alle fall i den nordiske marknaden. I hundre år var merksemda samla om produksjon og marknadsføring av vasskraft i Noreg. Men etter kvart blei selskapet for stort til at veksten her heime kunne halde fram.

Dei siste 20 åra har ambisjonane i aukande grad retta seg mot nye verksemdar i utlandet. Såleis har Statkraft skote knoppar i andre land enn heimlandet og i andre teknologiar enn vasskraft. I dag føregår om lag 30 prosent av kraftproduksjonen utanfor Noreg, og i overkant av 20 prosent kjem frå vindkraft, gasskraft og fjernvarmeanlegg.

Vingling i eigarstyringa

I festtalane snakkar politikarane gjerne oppglødd om deling av energirelatert kapital og kompetanse i utviklingsland, ikkje minst om aktiv medverknad til det

grøne skiftet i Europa. Gjennom investeringar i vindkraft og solenergi utanfor Noreg skal Statkraft bli eit fyrstårn for fornybar energiomlegging, og i sin tur legge grunnlag for ei tilhøyrande omstilling av norsk næringsliv, kan det sjå ut som.

Men når det dreg seg til i forhandlingane om statsbudsjettet, har stortingsfleirtalet ved meir enn eitt høve tappa Statkraft for å saldere budsjettet. Dette heng dårleg saman med forventningane ein har til Statkraft om investeringar, vekst og vidareutvikling. Difor er det ikkje rart at politikarane får kritikk for vengestekking, amatørmessig eigarskap og uføreselelege rammevilkår.

Store pengar sit ofte laust

I næringer med store pengar og hard kamp om investeringsprosjekta har vekstappetitt hos leiinga gjerne gitt dårleg økonomisk uttelling for eigarane. Såpass burde politikarane ha fått med seg frå utviklinga i Statoil dei siste åra. Resultata frå Statkraft si satsing utanlands så langt tyder heller ikkje på ei blendande evne til å finne investeringsprosjekt med høg lønnsomd utanfor Noreg.

Dermed må ein undre seg over at politikarane er såpass samstemte om at Statkraft skal få med seg milliardar av norske skatte kroner i ei storstilt internasjonal satsing. Korfor er det ingen som spør seg om internasjonal forretningsutvikling i det heile tatt er ei oppgåve for det offentlege?

Statskapitalisme utan grenser

Det er verkeleg ikkje enkelt å få auge på prinsippa i denne diskusjonen. Difor kan det være grunn til å minne om at det faktisk er dine og mine pengar som her blir skalta og valta med. At politikarane skal ta investeringsval på vegne av kvar og ein av oss, burde få fleire til å stusse. Om du eller eg vil investere i vindkraft eller solenergi, byr marknaden på ei rekke alternativ for private plasseringar. Men når staten enga-

ser seg gjennom direkte eigarskap og investeringar, så er me alle med, enten me vil eller ei.

Billig tilgang til norske naturressursar gir den norske delen av Statkraft si verksemd ei ekstraordinær inntening. Økonomisk teori føreskriv at denne såkala grunnrenta tilhøyrer fellesskapen, og at ho difor bør skattast fullt og heilt, utan omsyn til strategiske ambisjonar hos leiinga i selskapet. No lét politikarane som om ei delprivatisering fortsatt skal sikre full tilgang for fellesskapen til grunnrenta frå den norske delen av Statkraft si verksemd. I så fall har dei undervurdert kreativiteten i kapitalmarknaden.

Makta rår

For den norske verksemda i Statkraft finst det legitime argument for statleg eigarskap, som til dømes omsynet til nasjonal ressursforvaltning og regulering av eit naturleg monopol. Men når det gjeld Statkraft si forretningsutvikling utanfor Noreg, er det like gode grunner til at staten bør halde seg unna. Heller enn å krangle om statleg versus privat eigarskap, burde politikarane difor løfte ein prinsipiell diskusjon om rammer og grenser for staten sine eigarmessige engasjement.

Ein muleg konklusjon kunne i så fall medføre at Statkraft blei delt i to, slik at staten sin eigarskap i den norske verksemda kunne haldast ved lag, mens satsinga i utlandet utelukkande vart bygd med privat kapital. Men her er ulukka verre enn forstanden, for nokon har overttydd politikarane om at deling er ein dårleg idé.

Debatten peikar dermed mot ei løysing som er om diskutert blant politikarane og tvilsam for veljarane. Med delprivatisering og fortsatt internasjonalisering er det dermed berre ei gruppe som får det nett som dei vil, og det er leiinga i Statkraft. Ingen vil innrømme at dette er administrasjonsstyring. Men det liknar fælt.



Med delprivatisering og fortsatt internasjonalisering er det berre ei gruppe som får det nett som dei vil, og det er leiinga i Statkraft, her ved toppsjefen, konsernsjef Christian Rynning-Tønnesen. FOTO: STATKRAFT


Drøset

Bilen

Bilen minna han om det han prøvde å fortenga: Han var ein middelaldrande mann med ein middelaldrande bil. Nå rigga han seg til i den lånte jobbil, ein snerten liten sak med knappar, lys og funksjonar hans eigen ikkje hadde. Hans bil var produsert før ryggesensorar, tredimensjonale kart i dashbordet, automatiske stopp og start og alt verda måtte by på av digital teknologi.

I hans bil var einaste mulige telefontilkopling at han kunne lada gjennom sigarettennaren, via ein overgang kjøpt på Clas Ohlson. I den lånte bilen kunne han kopla mobilen til ein usb-port. Han gjorde så. Ingenting er som å koma til ein ny by med fullt batteri.

Han svinga ut, radioen skrudde seg plutsleg på, anlegget begynte å spela musikken han hadde på telefonen frå a. Han hadde aldri høyrte sin eigen



musikk framført i alfabetisk rekkjefølgje før. Ah, alt kva den nye tida har å by på! Han gjekk ikkje opp i salongen på ferja, blei sitjande i bilen og lytta, hadde kome til d, skjona ingenting då «Don't cry for

me Argentina» plutsleg fylte bilen. Han hadde då aldri lasta ned «Don't cry for me Argentina»?

Ferja slo til land, store og små bilar rundt han begynte å brumma. Han vrei om nøkkelen. Hundre uvane lys lyste opp på dashbordet. Men hadde motoren starta? Var bilen så stillestående? Han prøvde forsiktig gassen. Nei. Ingen respons. Han prøvde igjen. Mykje lys, ingen varme.

Lastebilane hadde begynt å kjøra av.

Han losna handbrekket. Ein måtte kanskje gjennom andre prosedyrar og handlingar for at den moderne bilen skulle starta? Han prøvde nøkkelen igjen. Ingenting.

Nå begynte bilane framfor han å kjøra. Han kjende pulsen auka, at han blei våt på ryggen. Han flytta girs-tonga litt fram og tilbake, prøvde nøkkelen igjen. Nei.

Nå begynte bilane bak å svinga rundt og passera han. Han trødde inn bremsa, vrei nøkkelen. Han prøvde å trø inn gassen. Han reiv ut telefonen. Ingenting hjelpte. Han var aleine igjen på dekk.

Døra fungerte heldigvis som på ein gammal bil. Då han gjekk av ferjelemben til fots, begynte nye bilar å fylla opp dekk for returen. Bare éin bil stod feil veg.

Ah, alt kva den nye tida har å by på!